



STRYN KOMMUNE

Rådmannsavdelinga

Det kongelige kommunal-og moderniseringsdepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
14/426-98/K1-014//ABE

Dykkar ref.

Dato:
17.06.2015

Høyringsvar frå Stryn kommune endring i valforskrifta

Stryn kommune sender høyringsvar på framlegget til endring i Valforskrifta. Ein kan slutte seg til endringsforslaga. Det er nødvendig at Valforskrifta samsvarer med den praksis som allereie er etablert ved at ein har teke i bruk det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA.

§22 Produksjon, utsending og bruk av valkort.

1) Ein ser ikkje spesielle utfordringar med at departementet får ansvar for utsending av valkort.

2) Det er heller ikkje særskilde utfordringar knytt til å bruke manntal pr 8/7 i staden for 10/7 slik det er no.

6) Valstyret vil kunne legge inn dei nødvendige opplysningane i EVA eller anna felles portal slik ein har gjort det i førebuingane av Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015.

Departementet må likevel vere merksam på at den fristen som blir sett for kommunane, for å oppdatere informasjon om røystekrinsane er i samsvar med dei oppdateringane av røystekrinsane som skjer frå andre datakjelder (Kartverket/Skattedirektoratet). Kommunane har frist 31/3 i valåret for å gjere vedtak om endring i røystekrinsane. Stryn kommune endra og melde frå om endringane i samsvar med fristen. Likevel var ikkje oppdatert oversikt over røystestader i Stryn kommune tilgjengeleg i EVA før etter 20/5.

§25 Førhandsrøysting på helse – og omsorgsinstitusjonar

Ein ser det som ei god ordning for innbyggjarane at fleire veljarar får nytte røysteretten utan å måtte søkje om ambullerande røystegjeving.

§ 27 Framgangsmåten ved forhåndsstemming – forsendelse.

Postadresse/besøksadresse:	Telefon	57 87 47 00	Banksamband	
Tonninggata 4	Telefaks:	57 87 47 01	Nordea	6557 05 02802
6783 STRYN			Sparebanken SFJ	3795 07 00239
Org.nr: 963 989 202	e-postadresse:	postmottak@stryn.kommune.no	Nordea (SKATT)	6345 06 14493
	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no		

Felles utforming av postsende stemmer er positivt. I posthandtering blir slike sendingar lettare å kjenne att for alle som skal handtere desse.

Med helsing
Stryn kommune

Anna Bringsvor Egedahl
økonomirådgjevar
57874717